

**7. november 2013**

## **Skilt og reklamevedtekter for Hemsedal kommune**



**Vedteke av kommunestyre som K-sak 59 den 7. november 2013.**

## Innhold

<b>1. FØREMÅL / INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
<b>2. VEDTAKSORGAN/ HEIMELSGRUNNLAG .....</b>	<b>4</b>
<b>3. SONER, GEOGRAFISK VERKEOMRÅDE.....</b>	<b>4</b>
3.1 Sone 1 .....	5
3.2 Sone 2.....	5
3.3 Sone 3.....	5
3.4 Sone 4.....	5
<b>4. FELLES RETNINGSLINER .....</b>	<b>5</b>
4.1 Skiltplassering på arkitektoniske detaljer .....	5
4.2 Fjerning av skilt .....	5
4.3 Avvik frå estetiske krav som kan godkjennast.....	5
4.4 Vedlikehald og sikkerhet.....	5
4.5 Midlertidige skilt.....	5
4.6 Turskilt .....	5
4.7 Skilt på verneverdig bygg .....	6
4.8 Estetiske krav og utføring .....	6
4.9 Universell utforming og sikkerhet.....	6
<b>5. FELLES VEDTEKTER .....</b>	<b>6</b>
5.1 Krav om skilt / lyssettingsplan.....	6
5.2 Frittstående skilt i kulturlandskap og område for bevaring .....	6
5.3 Skilt i bustadområde og miljø. ....	6
5.4 Skilt på møne, gesims og tak .....	6
5.5 Markiser.....	6
5.6 Skilt på fasadar .....	6
5.7 Private trafikkreguleringsskilt .....	6
5.8 Sikkerhet .....	7
5.9 Skilt- og reklameinnretningar ved dei ulike idrettsarenaer .....	7
5.10 Innandørsskilt .....	7
5.11 Reklame i vinduer .....	7
5.12 Belysning.....	7
5.13 Skiltbelysning .....	7
5.14 Lyskanon, logolykastar eller lysande effektreklame.....	7
5.15 Flag, banner og vimplar .....	7
5.16 Banner på lysstolpar langs Rv. 52 .....	8
5.17 Temporære skilt - flag, banner, duk og seil.....	8
5.18 Transportmiddelskilt.....	8
5.19 Skilting av verksemd .....	8
5.20 Tilvisingsskilt .....	8
5.21 Skiltplan .....	8
5.22 Skiltbukkar.....	9
5.23 Plassering av kampanjereklame/skilt .....	9
5.24 Flaggstenger .....	9
<b>6. VEDTEKTER FOR SONE 1 .....</b>	<b>9</b>
<b>7. VEDTEKTER FOR SONE 2 .....</b>	<b>9</b>
<b>8. VEDTEKTER FOR SONE 3 .....</b>	<b>9</b>
8.1 Skilt og reklame i vindaug.....	9
8.2 Skilt- og gatebukkar .....	9
8.3 Storleik på skilt og reklameinnretningar. ....	10
<b>9. VEDTEKTER FOR SONE 4.....</b>	<b>10</b>
9.1 Skilt og gatebukkar .....	10
9.2 Generelt .....	10
<b>10. SAKSHANDSAMING .....</b>	<b>10</b>
10.1 Vedtaksorgan .....	10
10.2 Skiltendringar og plassering .....	10
10.4 Uttale frå Statens vegvesen.....	10
10.5 Skiltplan for næringsbygg med fleire verksemder .....	10
10.6 Fjerning av skilt .....	11
10.7 Ikrafttrede og oppheving av gjeldande skiltvedtekt.....	11

---

<b>11. DEFINISJON AV SKILT, SKILTTPAR OG FØRESEGNER.....</b>	<b>12</b>
11.1 Fasadeskilt – skilt montert på fasade, nisje eller i vindaugeopning.....	12
11.2 Frest skilt – konturskåra skilt (Bokstavskilt) .....	13
11.3 Frittstående skilt – ID mast, .....	14
11.4 Tilvisningsskilt .....	14
11.5 Indirekte opplyst skilt .....	14
11.6 Direkte belyst skilt .....	15
11.7 Glasdekor i vindu .....	15
11.8 Takskilt .....	15
11.9 Reklame, utan lokal tilknytning. ....	16
11.10 Orienteringsskilt .....	16
11.11 Løsfot reklame.....	16
11.12 Malt skilt .....	16
11.13 Nedhengsskilt.....	16
11.14 Plateskilt.....	16
11.15 Uthengsskilt.....	17
11.16 Pliktogram.....	17
11.17 Markiseskilt .....	17
<b>12. HENVISNINGAR SOM ER RETNINGSGJEVANDE.....</b>	<b>17</b>
12.1 Trykksaker: .....	17
12.2 Anna lovverk.....	17

## 1. FØREMÅL / INNLEIING

Formålet med vedtektene er å leggja til rette for at Hemsedal får heilskaplege opplegg for skilt og reklameinnretningar. Hemsedal kommune skal stå fram som ei bygd med kvalitet kor visuell forureining ikkje skjer samtidig som ein legg vekt på at vedtektene skal vera brukarvenleg og lett å finna fram i.

Føresegna har som føremål å ivareta prinsipp om universelle utforming, trafikktryggleik og ein estetisk god utforming av skilt og reklame i felles omgivnad og offentleg rom i samsvar med §§ 1-1 og 30-3 i Plan og Bygningslova og NS 3041. Skilt og reklamevedtekter er ein del av kommuneplan sin arealdel med rettsverknad etter Plan og bygningsloven §11-6.

## 2. VEDTAKSORGAN/ HEIMELSGRUNNLAG

Kommunen si mynde etter Plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter er delegert frå kommunestyret til rådmann. Hovudutval for Plan og Ressurs vert klageinstans.


Løyve til skilt vert gjeve i samsvar med § 30-3, 2. ledd i plan- og bygningslovens, inntil vidare eller for eit avgrensa tidsrom.

Oppsetting og endring av skilt- og reklameinnretningar er i medhald av § 20-1 i Plan- og Bygningslova søknadspliktige.

## 3. SONER, GEOGRAFISK VERKEOMRÅDE

Føresegna gjeld for Hemsedal Kommune, og verkeområde er differensiert etter 4 soner.

Sonene nemnde ovafor kan og utvidast til å gjelde andre områder som vert fastlagt gjennom ulike arealreguleringar.



### **3.1 Sone 1**

Omfattar i hovudsak landskapsvernområde Hydalen, naturvernområde verna etter naturvernlova eller plan- og bygningslova (Rjukandefossen, Fjellstølane/ Holstein).

### **3.2 Sone 2**

Omfattar heile kommunen med unntak av områder som kjem inn under sone 1, 3 og 4. (Til eks. Lio og Mørkedalen, Grøndalen/ Bulin og Mørkvam, Eikre/ Aalrust, Torset og Lykkja)

### **3.3 Sone 3**

Omfattar tettbygde strøk. Tettbygde strøk er områder innanfor stadfesta reguleringsplan for tettstadane Ulsåk inkl Svøo, Trøim, og Tuv.

### **3.4 Sone 4**

Omfattar området avgrensa av Holde bru, Totteskogen, Hemsedal skisenter, Hemsedal Fjellandsby, Skarsnuten, Veslestølen, Storelia, Anderdalslia og Tindenområdet.

## **4. FELLES RETNINGSLINER**

### **4.1 Skiltplassering på arkitektoniske detaljer**

Skilt på fasade som søylar og pilastrer og andre fasadeelement vert ikkje tillete.

### **4.2 Fjerning av skilt**

Lause plakatrester, skilt og stativ som ikkje er i bruk skal fjernast. Belysning som ikkje fungerer rett skal slukkast inntil vedlikehald er utført.

### **4.3 Avvik frå estetiske krav som kan godkjennast**

Estetiske krav kan fråvikast for skilt som vert ført opp i samband med byggjearbeid og er tidsavgrensa til gjennomføring av byggjearbeidet. Slike skilt skal berre gje opplysning om aktørane i byggjeprosjektet og skal vere godkjent av vegmynde der trafikktryggleiken kan vere berørt. Er det fleire verksemder skal det utarbeidast felles skilt for desse

### **4.4 Vedlikehald og sikkerhet**

Skilt skal monterast og haldast i slik stand at fare eller anna vesentleg ulempe ikkje kan oppstå for person eller eigedom. Det skal vedlikehaldast slik at innretningane ikkje verker skjemmande i seg sjølv eller i høve til omgjevningane.

### **4.5 Midlertidige skilt**

Som hovudregel vert det ikkje tillete temporære skilt.

Det kan likevel gjevast unntak for dette langs offentleg veg og på bygning/grunn, når det ligg føre løyve til dette frå vegmynde og dette er avgrensa i tid, for større festivalar og idrettsarrangement, eller arrangement knytt til Handelsstand

### **4.6 Turskilt**

Turskilt og liknande, som vert sett opp ved turveggar, skiløyper og stigar bør vera like for kvar aktivitet i heile kommunen.

#### **4.7 Skilt på verneverdig bygg**

For skilting av eigedom regulert som verneverdig kan det hentast inn uttale frå antikvarisk mynde. For skilting på eigedom som er freda skal det hentast inn samtykke frå vernemynde.

#### **4.8 Estetiske krav og utføring**

Skilt- og reklameinnretningar skal utførast slik at dei tilfredsstiller rimelege estetiske krav, både i forhold til seg sjølv, i forhold til arkitektur og til omgjevnadene. Dei skal i seg sjølv vere avstemd med fasaden, likeeins skal fargane på skiltet vere avstemd i høve til bygget det vert ført opp på, og til nabo bygg. Det skal nyttast skilt- og reklameinnretningar av frittstående bokstavar og symbol, alternativt freste bokstavar i treverk.

#### **4.9 Universell utforming og sikkerhet**

Plan og bygningsloven setter krav til universell utforming og sikkerhet m.t.p. skilt og reklame. Mellom anna skal skilt ha skriftstorleik/piktogram tilpassa leseavstand og utformast slik at dei kan lesast og vert forstått av personer med funksjonsnedsetting, og reklameinnretningar skal ikkje vere til hinder for ferdsel.

### **5. FELLES VEDTEKTER**

#### **5.1 Krav om skilt / lyssettingsplan**

Kommunen kan krevje utarbeida ei samla plan for skilt og lyssetting for eit avgrensa område f eks. kjøpesentre og andre områder med fleire aktørar samla.

#### **5.2 Frittstående skilt i kulturlandskap og område for bevaring**

Frittstående skilt, med unntak av orienteringsskilt, vert ikkje godkjent i områder regulert til bevaring. I ope naturlandskap, kulturlandskap, parkar og friområde må det ikkje oppførast frittstående skilt- og reklameinnretningar. Innanfor områder som har særpreg og eit historisk interessant miljø, må det ikkje oppførast skilt- og reklameinnretningar som ikkje kan tilpassast miljøet sin karakter og historie.

#### **5.3 Skilt i bustadområde og miljø.**

I reine bustadområde må det ikkje førast opp skilt- og reklameinnretningar. På parkeringsplassar og rivingstomter kan skilt- og reklameinnretningar ikkje førast opp utan at dei er knytt direkte til tilhøve eller verksemd på staden.

#### **5.4 Skilt på møne, gesims og tak**

Skilt og reklameinnretningar må ikkje plasserast på møne, takflate, takutstikk eller gesims. Ved dispensasjonshandsaming må søkjer fremje søknad minst 2 mnd før kvart arrangement.

#### **5.5 Markiser**

Reklame på markiser vert ikkje godkjent.

Markiser vert avgrensa til vindaugeopningane og formingskriteria /utføringa skal tilpassast bygningen. Markiser må vera like over heile bygget.

#### **5.6 Skilt på fasadar**

Skilt skal ikkje vere samanhengande over heile bygnings/forretningsfasaden. Det vert ikkje tillate meir enn eit veggskilt og eit uthengsskilt for kvar verksemd. Kommunen kan gjere unntak for verksemder som disponerer fleire fasadar langs veg, fortau og plassar.

#### **5.7 Private trafikkreguleringsskilt**

Parkeringsskilt skal vere av same type, og fargen på skilta skal vera svart bakgrunn med kvit skrift.

## 5.8 Sikkerhet

Skilt- og reklameinnretningar skal ikkje vere til hinder for almen ferdsel eller til fare for omgjevnadane. Skilt skal tilfredsstillе krava til trafikktryggleik og viktige siktlinjer inn/ut frå gate/ veg må ivaretakast.

## 5.9 Skilt- og reklameinnretningar ved dei ulike idrettsarenaer

Skilt- og reklameinnretningar med høgde inntil 1,5 m og maksimalt 3 m<sup>2</sup> kan godkjennast ved dei ulike idrettsarenaer. Løyve kan tidsavgrensast for eit bestemt arrangement eller for bestemte sesongar. Skiltet og reklame skal være orientert mot området og dei skal ikkje være skjemmaende eller til sjenanse for miljøet omkring.

## 5.10 Innandørsskilt

Innandørs skilt vert ikkje omfatta av desse vedtektene.

## 5.11 Reklame i vinduer

Reklame i vinduer vert det berre opna opp for i sone 3 og 4, og reklamen må være direkte knytt til verksemda innanfor.

## 5.12 Belysning

Skilt og reklameinnretningar skal ha direkte eller indirekte belysning, dersom innretninga skal ha lys. Lysreklame og gesimsar utforma som lysande kasser vert ikkje tillate.

## 5.13 Skiltbelysning

Ved all bruk av lyskjelde skal lysnivå ikkje overstige det generelle lysnivå i nærområdet. Permanente skilt og reklameinnretningar må ikkje ha forvirrande, sjølvlysande, grelle eller irriterande farger.

Ved fleire skilt på den einskilde bygning skal det nyttast same type lyskjelde, og lysnivå skal ikkje overstige det generelle lysnivå i nærområdet. Refleks og blanding vert ikkje tillate. Lysskilt, der heile plata inngår som lysflate, vert ikkje tillate med unntak av logo der dette er nødvendig og gir ei elles god tilpassing.

## 5.14 Lyskanon, logolykastar eller lysande effektreklame

Det vert ikkje godkjent lysande effektreklamar i Hemsedal. Eks på dette kan vere flyttbare hengargar med lysorgel, faste eller mobile lystavlar, videoskjermar etc. Bruk av slik reklame krev dispensasjon frå vedtektene. Ved dispensasjonshandsaming må søkjer fremje søknad minst 2 mnd før kvart arrangement.

## 5.15 Flagg, banner og vimplar

Banner, flagg og vimplar vert rekna som skiltreklame, og storeleik og formingskriteria på banner vert godkjent i kvart einskilt høve. Opphenging av banner er søknadspliktig. Utforming og estetikk er viktig.

### 5.16 Banner på lysstolpar langs Rv. 52

Banner langs RV 52 i sone 40 km/t i samband med arrangement vert godkjent utan søknad så langt dei tilfredsstillir etterfølgjande vilkår;

**Fargevalg** - Banner skal ha ei utforming med farge og trykk som er harmonisk og ikkje verkar «glorete».

**Antall banner** skal plasserast på annakvar stolpe, annakvar side slik billete syner.

**Storleiken** på banner skal vere inntil 0,4 x 2,5 i høgde.

Dersom det skal nyttast fleire typar banner under same arrangement, med forskjellig budskap vert det sett krav til same design og uttrykk slik at opplevinga av banner gir ein heilskap.

Når det ikkje er arrangement kan Hemsedal sin offisielle banner brukast.

### 5.17 Temporære skilt - flagg, banner, duk og seil

På eigedommar som ikkje er utbygd til regulert gateside kan det på den ubebygde delen av eigedomen tillast oppført flaggstenger for skilt og reklame. Det skal som hovudregel ikkje førast opp fleire enn 3 flaggstenger.

### 5.18 Transportmiddelskilt

Permanent eller midlertidig oppstilling av bilar, bilhengarar og liknande med skilting knytt til verksemda, skal om dei får ein i augefallande plassering inngå i vurderinga av den samla skiltinga på eigendommen.

### 5.19 Skilting av verksemd

Skilt, tavler og reklame som ikkje er direkte knytt til den verksemda som vert driven på eigedomen er ikkje tillate.

### 5.20 Tilvisingsskilt

Tilvisingsskilt kan ikkje setjast opp utan løyve frå kommunen eller vegvesenet.

### 5.21 Skiltplan

Er ei skildring som viser prinsippa for plassering, utføring, materialbruk og storleik for skilt innanfor eit avgrensa område / bygning. Ved søknad om nye skilt eller endring av skilting på eigedom som har andre skilt og det ikkje ligg føre godkjent skiltplan, kan kommunen krevje slik plan utarbeida. Som vilkår for løyve kan kommunen krevje nødvendige endringar i den øvrige skiltinga slik at denne tilfredsstillir føresegnene.



## 5.22 Skiltbukkar

I sone 1 og 2 er bruk av skiltbukkar forbode. I sone 3 og 4 er det opna opp for skiltbukkar etter egne regler.

Alle verksemder skal, som alternativ, kunne sette opp ein fast installasjon som erstatning. Der kan dei henge plakatar med opningstider og ulike tilbod. Kvar verksemd har løyve til ein plakat med storleik inntil 0,7m x 1,0m. Unnataket gjeld verksemder som ikkje har synleg fasade mot Rv 52. Desse kan ha to plakatar, der ein er synleg frå Rv 52.

## 5.23 Plassering av kampanjereklame/skilt

Det er ikkje høve til å klistre plakatar for arrangement og kampanjar på stolper, gjerde og husveggar. Desse skal setjast opp på særskilte tavler.

## 5.24 Flaggstenger

Flaggstenger skal vere kvite. Maksimal tillate høgde over bakken er seks meter. Plassering langs Rv52 er forbode. Minste avstand til midtline Rv 52 skal vere 15 meter. Ved fleire flaggstenger skal dei, så langt som rå, stå i 90 graders vinkel på Rv 52. Det vert tillate med inntil tre flaggstenger for kvar bedrift som er knytt til ei kjede, og dei kan ikkje settast opp utan godkjenning.

## 6. VEDTEKTER FOR SONE 1

I området sone 1 vert det ikkje tillate frittstående skilt, ID-mast, pylon/totem.

Område der skilt- og reklamebruk er forbode. Unnatak kan, etter søknad gjerast for små opplysningsskilt knytt til f.eks. enkelte bygningar, severdigheter eller andre opplysningar knytt til området.

## 7. VEDTEKTER FOR SONE 2

Innan sone 2 må det ikkje oppførast skilt- og reklameinnretningar med større flate enn 3,0 m<sup>2</sup> og storleiken må ikkje vere større enn 1/5 av den bygningsdel skiltet er montert på. Plateskilt over 0,5 m<sup>2</sup> vert ikkje godteke. Det vert sett krav om bokstavskilt på skilt over 0,5 m<sup>2</sup>.

## 8. VEDTEKTER FOR SONE 3

### 8.1 Skilt og reklame i vindauge

Reklame i vinduer vert det opna opp på vilkår av at reklamen vert knytt direkte til verksemda innanfor. Opningstid, produkttilbod og namnet på bedrifta kan godkjennast.

### 8.2 Skilt- og gatebukkar

Skilt- og gatebukkar, lause stativ og liknande kan godkjennast på vilkår av at dei vert utforma etter felles formingskrav for dei 3 sentruma Tuv, Trøim og Ulså. «Bukkane» skal plasserast maks 1 m frå veggiv, og ikkje vere til hinder for trafikk eller vedlikehald av fortau. «Bukkane» vert ikkje tillate der fortau er smalare enn 3 m, og desse skal berre stå ute i verksemda si opningstid.

### **8.3 Storleik på skilt og reklameinnretningar.**

Innan sone 3 må det ikkje førast opp skilt- og reklameinnretningar med større flate enn 5,0 m<sup>2</sup> på fasade, og storleiken må ikkje vere større enn 1/5 av den bygningsdelen skiltet er montert på. Plateskilt over 1 m<sup>2</sup> vert ikkje godteke. Dersom ønskje om større skilt må det veljast bokstavskilt. Unntak for større skilt kan gjerast der dette vert påkravd i høve til tekstmengde og teksthøgde på innretninga. Teksthøgda skal fylgje Statens vegvesen sin skiltnormal.

## **9. VEDTEKTER FOR SONE 4**

### **9.1 Skilt og gatebukkar**

Skilt- og gatebukkar, lause stativ og liknande kan godkjennast på vilkår av at dei vert utforma etter felles formingskrav likt med sentruma Tuv, Trøim og Ulsåk. «Bukkane» skal plasserast maks 1 m frå veggiv, og ikkje vere til hinder for trafikk eller vedlikehald av fortau. «Bukkane» vert ikkje tillate der fortau er smalare enn 3 m, og desse skal berre stå ute i verksemda si opningstid.

### **9.2 Generelt**

Innanfor sone 4 skal det vere mest mogeleg einsarta bruk av skilt. Innanfor kvart område/reguleringsplan skal det utarbeidast ei samla plan for skilt og reklameinnretningar.

## **10. SAKSHANDSAMING**

### **10.1 Vedtaksorgan**

Kommunen si mynde etter Plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter vert delegert frå kommunestyret til rådmann. Hovudutval for Plan og Ressurs vert klageinstans.

### **10.2 Skiltendringar og plassering**

Når det vert søkt om løyve til nye skilt på bebygde eigedom skal det leggjast ved situasjonsplan som visar plassering og fotomontasje i farger som viser korleis dette vert tilpassa eksisterande skilting og bygningen eller område omkring. I tillegg skal det leggjast ved ein skildring av skilttype, materialbruk, bredde, høgde og tjukkelse samt val av belysning og belysningsstyrke

Når det det vert søkt om løyve til nye bygningar der det skal vere skilt, skal det leggjast ved dokumentasjon i samsvar med føregåande avsnitt. Fotomontasje kan erstattast av ein fargelagt fasadeteikning/oppriss. Skilt på grunn og bygning skal inngå som ein del av prosjekteringa.

### **10.4 Uttale frå Statens vegvesen**

For skilting langs offentlig veg skal det av omsyn til trafikktryggleik hentast inn uttale frå aktuell vegmynde, jfr. Veglova § 33. For riks- og fylkesvegar er vegmynde Statens Vegvesen.

For kommunale vegar er det Hemsedal kommune.

### **10.5 Skiltplan for næringsbygg med fleire verksemder**

For bygningar med fleire verksemder der det ikkje ligg føre godkjent skiltplan, skal det sendast inn søknad om skiltplan ved endringar av skiltinga, konf. pkt. 7.2. og pkt. 7.8. Når det ligg føre ein godkjent skiltplan kan seinare endringar av skilt og reklame i samsvar med planen og føresegne oppførast utan søknad/melding.

### **10.6 Fjerning av skilt**

Dersom tidlegare løyve til skilt- eller reklameinnretningar er gjeve før 01.07.97, og med varighet inntil vidare eller med ikkje fastsatt varighet, kan kommunen gje pålegg om å fjerne, eller endre skilt- og reklameinnretning som etter kommunen sitt skjønn strider mot føresegna i denne forskrifta eller plan- og bygningsloven § 30-3 første ledd. Kommunen kan gje pålegg om å fjerne skilt- eller reklameinnretningar der det følgjer av plan- og bygningsloven § 30-3 annet ledd".

Eigar av skiltet skal ha varsel om at han har eit ulovleg skilt. I varselet vert det opplyst om at ein kan søkje om løyve. Vert ikkje løyve gjeven eller det ikkje vert søkt om løyve skal skiltet verte fjerna innan ein vedteken frist. Vert likevel ikkje skiltet fjerna vert det sett ein ny frist. Om skiltet forsett står følgjer ein kapittel 32 i Plan og Bygningslova for tvungen fjerning av skiltet.

### **10.7 Ikrafttreden og oppheving av gjeldande skiltvedtekt**

Vedtektene vert retningsgjevande så fort forslag til nye skilt- og reklamevedtekter vert innarbeida i kommuneplanen, jfr. §11-9 i Plan og Bygningslova. Frå same tid vert skiltvedtekter av 29. september 2005 oppheva.

Søknader som er innkome før desse føresegnene vart gjort gjeldande skal handsamast etter tidlegare vedtekt av 29. september 2005

## 11. DEFINISJON AV SKILT, SKILTTPAR OG FØRESEGNER

Skilt er fysisk og/eller anna innretning for montering, plassering, klebing, projisering eller anna synleggjering av fast eller utskiftbart budskap, eller profilering av verksemd. Som utandørsskilt vert rekna same type innandørs innretning der budskapet er retta mot utsida (NS 3041). Dekorelement, som for eksempel material- og/eller fargebruk, inngår som ein del av skiltinga. Det same gjer informasjon om opningstider, telefonnr., internettadresse og liknande. Opplysningar om avgangstider for offentlege transportmidlar inngår ikkje.

Skilt og liknande innreiingar i det offentlege rom skal førehalde, underordne og tilpasse seg arkitektur til aktuell bygning og eigenarten til området. Dette gjeld plassering og intern gruppering i høve bygningar og omgjevnad, samt utforming og materialval (NS 3041). Informasjon om opningstid, telefonnummer, internettadresse, produktnamn og liknande skal vere underordna øvrig skilting.

### 11.1 Fasadeskilt – skilt montert på fasade, nisje eller i vindaugeopning.

Det skal primært nyttast eit fasadeskilt pr. verksemd pr. fasade der bygningen er oppført i regulert gateside. I tillegg kan det, der det ligg til rette for det først opp eit uthengsskilt som skal vere tilpassa gåande.

**Eks. T- kroken.** Fint plateskilt i materiale og som står godt til fasaden. Tekst, farge og størrelse er et godt eksempel på at reklameskilt kan utførast på en god måte



### Eksempel på fasadeskilt.

Fint og kreativt fasadeskilt plassert i vindusåpning med bunnfarge som bygningen rundt. Tekst i passe storleik og i fargeval som står godt til fasaden



**Eksempel på fasadeskilt.**

Eksempel på fasadeskilt der bokstavene er skåret ut i ein omramming som forma på fasaden. Skiltet kan vere for stort men ved at vindauge er sentrert rundt skiltet verker ikkje fasaden overlessa.

**11.2 Frest skilt – konturskåra skilt (Bokstavskilt)**

Frest skilt – konturskåra skilt utforma som ein skildelement utan bakplate skal helst vere freste skilt og symbol når skilta er montert på bygning.

Der det er behov for og/eller vert gjeve samtykke til plateskilt skal bakplata vere transparent (gjennomsiktig) eller ha farge som vert tilpassa bygningen sine fargar og arkitektur.

**Eksempel på logoskilt** bestående av bakplate samme farge som bakveggen og med bokstaver, med underskilt for mat og overnatting



i

**Eksempel på frest skilt**

Freste bokstavskilt i treverk og lysande bokstavskilt.

I utgangspunktet er det mindre heldig, men skilta har same breidde og lysskilt er plassert øvst under taket. Den vertikale plasseringa på hjørnet passer fint til fasaden.



### 11.3 Frittstående skilt – ID mast, pylon/totem

Er skilt på stolpe, sokkel, stativ eller mast. Pylon/totem kan ha ei høgde på maks 3 m og ei breidde på maks 3 m.

#### Eksempel på frittstående skilt

Eit eksempel på et fint frittstående skilt med informasjon om forretningar på eigedom.




### 11.4 Tilvisningsskilt

Er skilt med pil-, og etasjetilvisning eller liknande som viser til verksemder som ikkje er merkbart synlege frå veg.

#### Eksempel på tilvisningsskilt


Eit fint frittstående tilvisningsskilt foran forretningsbygg. Omramminga er diskre, satt på eit fint steinfundament som står til bygga og steinkonstruksjonar i sentrum.



### 11.5 Indirekte opplyst skilt

Skilt der lyskjelda er plassert utanfor skiltet.

#### Eksempel på indirekte belysning av skilt



### 11.6 Direkte belyst skilt

Skilt der lyskjelda er montert i skiltet og lyser opp veggen bak skiltet (koronaeffekt), sidene eller front på bokstavskilt.

#### Eksempel på direkte belyst skilt

Bokstavskilt hvor plassering, storleik, utførelse og farge står godt til fasaden, men det er viktig at lysstyrken i slike skiltet ikkje vert for sterkt.



### 11.7 Glasdekor i vindu

Er innretning som annonserer lokal verksemd.



### 11.8 Takskilt

Skilt er montert på/ over takgesims.



### 11.9 Reklame, utan lokal tilknytning.

Er skilt, banner og liknande innretning som marknadsfører varer, tenester eller arrangement utan lokal tilknytning. Slike skilt vert ikkje godkjent. Eks. på bilete er eit eks. på ein dispensasjonssak.



### 11.10 Orienteringsskilt

Er skilt med kart eller illustrasjon over eit område eller bygning.

### 11.11 Løsfot reklame

Er lett flyttbar innretning (reklamebukk, vippeskilt, roterande skilt- og reklameinnretning, parasoll) samt utandørs salsprodukt på stativ /kasse med reklameskilt, plassert på fortau, gate, veg eller husvegg.

Løsfotreklame skal ikkje førast opp i offentleg regulert vegareal (veg, fortau, rabatt) såframt dei ikkje er godkjent i eigen gatebruksplan/situasjonsplan. Når dei plasserast på eigedommen skal dei ikkje vere retta mot trafikken/vegfarande, men mot de gåande. Plasseringa skal ivareta krava til universell utforming og skal fjernast utanom opningstida til verksemda.

### 11.12 Malt skilt

Er skilt med verksemda- eller reklamebodskap malt direkte på vegg.

### 11.13 Nedhengsskilt

Er skilt montert i nedheng frå tak, himling, baldakin eller liknende.

### 11.14 Plateskilt

Er skilt med tett plate/kasse/søyle for montering av fast eller utskiftbart skiltbodskap. Mindre skilt retta mot gåande med opplysning om produkt og prisar kan tillatast. Utskiftbare reklameskilt på bygning med prisar og skilting av salskampanjar vert ikkje tillate.

### **11.15 Uthengsskilt**

Er skilt montert ut frå fasaden.

Uthengsskilt skal av omsyn til sikt og ferdsel plasserast minst 2,5 m fri høgde over fortau. Storleiken skal ikkje overstige 0,5m<sup>2</sup> og uthengsskiltet skal maksimalt stikke 1 m ut frå fasaden. Plassering av uthengsskilt frå ulike forretningar på same fasade skal samordnast. Skilt skal plasserast i god avstand frå hushjørne, og på ein måte som ikkje kjem i konflikt med andre skilt slik som navnskilt på gate, trafikkskilt og andre skilt.

### **11.16 Pliktogram**

Er grafiske teikn eller symbol som representerer eit ord, ein gruppe av ord eller ein ide.

### **11.17 Markiseskilt**

Markiser for solavskjerming kan kombinerast med skilt av verksemda i framkant av markisa. Markisa må monterast i rammeopningar, og med ein form og farge som er tilpassa bygningen.

## **12. HENVISNINGAR SOM ER RETNINGSGJEVANDE**

### **12.1 Trykksaker:**

Utandørs reklame - retningslinjer for utandørs skilting og reklame, Miljøverndep m.fl. 1993 (utgiver SFT).

Lokalisering og utforming av bensinstasjoner - retningslinjer. Norsk Form/Norsk Petroleumsinstitutt m.fl..1994

Handelens ansikt - retningslinjer for utendørs profilering. Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon(HSH) og Norsk form. 1998.

Norsk Standard NS 3041:2007 Skilting. Veileder for plassering og detaljer.

### **12.2 Anna lovverk**

Veglova §33

Naturmangfoldloven